

# Praktisk og psykisk hjelp ved rovviltangrep

Eldri Siem

Jordbrukssjef i Nord-Fron kommune

# Regional vakttelefon rovvilt for Midt-Gudbrandsdalen

- Kommunane Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu har etablert og samarbeider om ein regional vakttelefon som saueeigarar/storfeeigarar ringjer til når dei oppdagar skadde/døde dyr på beite.
- Vakttelefon vart etablert i 2010
- Vakta er bemanna frå 1.mai til 10.september (07.00-22.00)



# Regional vakttelefon rovilt for Midt-Gudbrandsdalen

- Kommunane betaler kostnadane på omlag kr. 100.000 pr. år (deler likt på 3 kommunar).
- Den personen som har regionvakta, kallar ut SNO, ev. søker fylkesmannen om fellingsløyve på roviltet og set i gang det kommunale skadefellingslaget.
- De tilsette ved landbrukskontora som har regionvakt.

# Felles kommunalt skadefellingslag

- Nord-Fron og Sør-Fron kommunar har felles kommunalt skadefellingslag.
- Skadefellingslaget består av om lag 60 pers.
- Jegerane har 2-årige kontraktar.
- Like arbeidsvilkår og lønn.
- Fleksibel i høve til bruk av mannskap.
- Fellingsleiar har kr. 209,- pr. time og mannskapet har kr. 186,- pr. time.

# Felles kommunalt skadefellingslag

- Midt-Gudbrandsdalen har felles pott for innkjøp av utstyr, trening og kurs.
- Svært dyktig kommunalt skadefellingslag i Nord-Fron/Sør-Fron som over år har fått mykje erfaring. Dedikerte jegerar som legg ned ein stor arbeidsinnsats.....og som beitenæringa er heilt avhengig av.

# Praktisk og psykisk hjelp ved rovviltangrep i Nord-Fron

- Aukande angrep frå rovvilt i kommunen.
- Jerv som står for dei største tapstala.
- Ulv gjer stor skade på kort tid dersom den kjem inn i saueflokken.
- Nokre merknader til ulveangrep i Storhøliseter beiteområde i Nord-Fron 2013.
  - Angrep frå ulven kom rett etter beiteslepp.
  - Om lag 50 søyer og lam vart skada og måtte avlivast. To husdyreigarar som eigde dyra.

# Praktisk og psykisk hjelp ved rovviltangrep i Nord-Fron

- Ulveangrepet skjedde like i nærleiken av setrane.
- Ulveangrepet vart oppdaga raskt.



# Praktisk og psykisk hjelp ved rovviltangrep i Nord-Fron

- Tett dialog mellom berørte dyreeigarar og kommunal landbruksforvaltning.
- Alle dyra som var slept i området vart sankt saman att og kontrollert for skader. Skada dyr vart avliva.
- Sauene vart samla inn på seterkveer og tilleggsfôra.



# Praktisk og psykisk hjelp ved rovviltangrep i Nord-Fron

- Landbrukskontoret bistod saueeigarane slik at dei fekk kompensasjon til kostnadene med ekstra fôr, gjerdemateriell og lettgrinder (kr. 6 pr. dyr pr. dag).
- Nord-Fron kommune gav dei to saueeigarane tilbod om hjelp frå psykiatritenesta.
- Saueeigarar reagerer ulikt på rovviltangrep i saueflokken/buskapen.

# Praktisk og psykisk hjelp ved rovviltangrep i Nord-Fron

- Nord-Fron kommune har kriseteam som består av lege, psykiatrisk sjukepleiar, sjukepleiar, helsesøster, spesialhjelpepleiar i psykiatri, hjelpepleiar, prest og politi. (2 og 2 som rykker ut ved ei ev. krise.) Kriseteamet brukt v/ akutte tilfelle.
- Jf. Beredskapsplanen er det AKM, politi, prest, legevakt og brannvesenet som kan kalle ut det psykososiale kriseteamet.

# Praktisk og psykisk hjelp ved rovviltangrep i Nord-Fron

- Landbruksforvaltninga også kan varsle/kalle ut kriseteamet, eller at ein går via lege/legevakta.
- Dersom det ikkje er akutt krise, men likevel behov for hjelp, er tilbodet psykisk helseteneste med samtale/kartegging/hjelp av m.a. psykiatrisk sjukepleiar som ev. «henviser» vidare til DPS/psykolog.

# Praktisk og psykisk hjelp ved rovviltangrep i Nord-Fron

- Nord-Fron kommune har eige psykologstilling. Stillinga skal fortrinnsvis brukast på barn og ungdom.
- Politikarane i kommunen har sett fokus på korleis gardbrukarane blir ivaretekne i krisesituasjonar (dyreverntragediar/rovvilt).

# Praktisk og psykisk hjelp ved rovviltangrep i Nord-Fron

## Oppsummering:

- Nord-Fron kommune vil vere på tilbodssida og ser det som svært viktig å førebyggje kriser.
- Kollegialt samhald mellom gardbrukarar er svært viktig – hjelp/bistand med praktisk arbeid!
- Godt samarbeid med fylkesmannen og rovviltnemnda/region 3.

# Praktisk og psykisk hjelp ved rovviltangrep i Nord-Fron

- Svært godt samarbeid mellom regional rovviltvakt, Norske kadaverhunder, kommunalt skadefellingslag og landbruksforvaltninga.

Takk for meg!

